

Odda vegfinans AS

Organisasjonsnummer: 996 559 459

Protokoll frå generalforsamling i Odda vegfinans AS - 7. juni 2016.

Desse var representert:

Hordaland fylkeskommune v/ Synnøve Solbakken	130 aksjar
Odda kommune v/ Roald Aga Haug	10 aksjar
Vinje kommune v/ Tone Edland	10 aksjar
Seljord kommune v/ Halvdan Haugan	10 aksjar
Haugesund kommune v/ May Britt Vihovde	10 aksjar
Jondal kommune v/ Roald Aga Haug	10 aksjar

I alt var då 180 aksjar (av totalt 250) representert på generalforsamlinga.

1. Godkjenning av innkalling og fullmakter.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste og fullmaktene vart godkjent.

2. Val av møteleiar og referent.

Som møteleiar vart vald John Opdal.

Som referent vart vald Børge Skårdal.

3. Valg av 2 aksjonærar til å underteikne møteprotokollen.

Til å underteikne protokollen vart vald Synnøve Solbakken og Tone Edland.

4. Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap.

Vedtak:

Framlagd årsmelding og rekneskap blir godkjent.

Overskot på kr. 21.875 blir brukt til framføring av udekka tap med kr. 21.875.

5. Val av revisor.

Vedtak:

Generalforsamlinga vel Odda Revisjon AS v/ Nils Magnus Berge til revisor med betaling på timebasis.

6. Val av styre, varamedlemer og valkomité.

Valkomitéen hadde utarbeidd forslag til styre og varamedlemer med bakgrunn i kontakt med aksjonærane og nominasjonane frå Hordaland FK. Forslaget var sendt aksjonærane på førehand. Det var ingen andre forslag frå dei frammøtte. Forslaget frå valkomitéen blei stemt over samla og blei samrøystes vedtatt. Følgjande blei valde:

Fast medlem

Toralv Mikkelsen, Odda
Benthe Bondhus, Kvinnherad
Gunnar Moland, Odda
May Britt Vihovde, Haugesund
Tone Edland, Vinje

Personleg vara

Linda Haugland Jondahl, Odda
Anne Marit Buer, Odda
John Opdal, Odda
Ole Johan Vierdal, Vindafjord
Øystein Høgetveit, Vinje

Alle er valde for 4 år.

Val av styreleiar:

Toralv Mikkelsen blei samrøystes vald til styreleiar.

Val av valkomité.

Vedtak:

1. Det blir ikkje vald personar til valkomitéen nå.
2. Saka må takast opp med Hordaland FK (valnemnda) i god tid før neste val av styre. HFK peikar ut 2 av dei 3 i valnemnda.
3. Styret må drøfte nærare korleis det tredje medlemmet skal velgast.

7. Godtgjering til styret.

Vedtak:

Styregodtgjering held fram uendra slik som vedtatt seinast på generalforsamling i 2015.

Godtgjeringa blir då slik:

Styreleiar	15.000 kr
Styremedlem	6.250 kr
Pr. møte for varamedlem:	1.000 kr
Tapt arb.forteneste:	Inntil 250 kr/t og inntil 6 timar (maks. godtgjering 1.500 kr/dag).
Reiseutgifter:	Statens satsar (når ikkje abeidsgjevar/oppdragsgjevar betalar).

Orienteringssak. Planarbeidet.

Det blei gitt ei orientering av Statens Vegvesen ved Åge Hillestad og Sindre Egeland om reguleringsarbeidet for prosjektet.

Arbeidet med sjølve vegløyvinga er nå basert på spesifikk instruks om standardval frå samferdselsdepartementet. Mellom anna er dimensjonerande hastighet 90 km/t og det skal vere tunnelprofil T9,5. Begge dei lange tunnelane og kryss blir regulert med tanke på framtidig utviding til to løp.

Det må lagast ny plan for deponi og for dette skal det først lagast planprogram.

Planen er at totale planar for heile prosjektet skal kunna leverast Odda og Vinje kommunar tidleg i 2017, dvs. seinast februar.

Generalforsamlinga minna om dei mange utsetjingane som har vore i dette prosjektet tidlegare og presiserte betydningen av raskast mulig ferdigstilling. Spesielt er det viktig å få ferdigstilt den delen av prosjektet som gjeld Seljestad-Røldal.

Møtet slutt kl. 13.30.

Odda 7. juni 2016,

Synnøve Solbakken

Tone Edland